

Fedje Næringsråd

v/styret

19.09.23

Kommunestyret

v/ordfører Stian Herøy

Bekymringsmelding ad framlegg om mogeleg utviding av Fedjemyrane landskapsvernområde.

Fedje Næringsråd har blitt kontakta av grunneigarar og andre næringslivsaktørar på Fedje som er bekymra for konsekvensane av framlegg til mogeleg utviding av Fedje landskapsvernområde.

Styret har gjort vedtak om å oversenda uttale og bekymring i samband med politisk handsaming av saka.

Næringsrådet er merksam på at planarbeidet er i ein tidleg fase, men vil likevel nytte høve å gje uttale om storleiken på det nye verna området, og at det i kartet leggjast opp til vern heilt inn mot eksisterande infrastruktur som veg, vatn og straumkablar. Opning av nye arealar skjer ofte tett opp mot den infrastrukturen som allereie er etablert. Næringsrådet meiner dette er så viktig å ta omsyn til, og vil oppfordra Miljøverndirektoratet å innarbeida nye avgrensingar til saka kjem attende i høyringsrunden.

I eksisterande kommuneplan er det allereie sett av store arealar til landskapsvern. I samband med siste rullering av arealdelen vart fleire områder omregulert til LNF område. På Fedje har me frå før små arealar å veksa i. Skal kommunen overleva som samfunn, vil det vera trong for å setja av store nok næringsarealar til både nye og eksisterande næringslivsaktørar. I tillegg har kommunen ambisjonar om å trekkja til seg nye innbyggjarar. Det er derfor svært viktig at kommunen har tilstrekkeleg arealreservar til boligbygging innafor ein lang tidshorisont.

Fedje Næringsråd ber om at denne uttalen vert lagt til sak 051/23 som skal til politisk handsaming i kommunestyret den 28. september.

Med helsing

Fedje Næringsråd

Siri Fahlvik Pettersen
Leiar

Fedje Næringsråd